

Kjetil Loftsgarden

Kinsarvik i Hardanger – byen som aldri blei til

Kinsarvik – the town that never was

In the High Middle Ages Kinsarvik in Hardanger was ideally situated as a hub, where iron and other outfield resources flowed from the eastern inland regions to the more populous coastal areas to the west. Archaeological finds, building remains, written sources and previous investigations show Kinsarvik as an urban marketplace, with production and regional and interregional trade, as well as a place with administrative and political functions. Comparable to the more well-known marketplace Kaupanger in Sogn.

The location, as well as finds and structures, indicates that non-agrarian resources from the mountainous settlements to the east were a major foundation for Kinsarvik as a marketplace. A consequence being that, from the late 13th century, when there is a significant decrease in iron production and other outfield resources, Kinsarvik as an urban marketplace loses much of its basis for existence and gradually goes out of use.

Frå slutten av vikingtida er det nærast ein økonomisk boom i Skandinavia, med auka folketal, ekspansjon av jordbruksareal, handel og framvekst av ein storstilt regional overskotsproduksjon (jf. Helle 1974; Nedkvitne 1983; Benedictow 1996; Øye 2002; Helle 2006; Andersson mfl. 2008; Skre 2012; Glørstad og Loftsgarden 2017).

I den same perioden veks det òg fram marknadsplassar med dels ein annan funksjon og ei anna lokalisering enn vikingtidsbyane som Kaupang og Ribe. Nokre av stadene som dukkar opp frå slutten av vikingtida endar opp som viktige mellomalderbyar, som Bergen og Trondheim, medan andre aldri blir ein by – men går ut av bruk. Dette er byane som aldri blei til, og inkluderer stader som Borgund, Veøy og Kaupanger i Sogn (Herteig 1974; Øye 1989; Solli 1996, 1999; Knagenhjelm 2008) (figur 1). Med utgangspunkt i mi doktorgradsavhandling (Loftsgarden 2017) vil eg utforske Kinsarvik i Hardanger som ein by som aldri blei til. Kvifor vaks staden fram og blomstra? Og kvifor mista den si sentrale rolle og gjekk ut av bruk?

Marknads plassar og urbane handelsstader

I mellomalderen hadde Noreg få byar, dette gjorde at mindre stader for handel vart avgjerande knutepunkt, men deira rolla står i kontrast til det me veit om dei. Få arkeologiske utgravingar og skriftlege kjelder har ført til at desse har lege i skuggen av mellomalderbyane. Likevel bør me ikkje undervurdere den samla verdien og innverknaden desse mindre stadene hadde.

Generelt er stader for vareutveksling dynamiske storleikar som varierer i kompleksitet over tid og rom, frå små stølstreiff til store mellomalderbyar (Brendalsmo mfl. 2009). Det er såleis vanskeleg å gje definisjonar på ulike stader for handel, som òg er dekkande over tid og i ulike kontekstar. Det har ført til at fleire omgrep har vore brukte i forskingshistoria, som *ports of trade* (Polanyi 1957:263, 1963:30–31) eller *emporia* av ulik type (Hodges 1982:50–52). Det har òg ført til ein nokså langtrekkande diskusjon om kva som utgjer ein by (Helle og Nedkvitne 1977; Andrén 1989; Skre 2007:45–46).

Eg bruker eit samfunnsøkonomisk perspektiv i denne artikkelen, og legg mindre vekt på administrative, rettslege eller politiske aspekt – utan at eg med det underslår betydninga av desse. I handsaminga av stader for vareutveksling i norsk høgmellomalder nyttar eg omgrepa marknads plass og urban handels plass i tillegg til mellomalderby.


Marknads plassar blir her definerte som stader der handel har gått føre seg som sesongmessig aktivitet. Stadene kan ligge i område med fast busetnad, men sjølve marknaden varte nokre dagar i løpet av året, og dei som budde der var ikkje spesialiserte handelsfolk. Marknads plassane kunne òg ligge i hei eller på vidde utanfor busette område. Det var normalt ingen produksjon knytt til marknads plassen. Den korte årlege aktiviteten gjer at det ikkje vart generert tjukke kulturlag. Handelen var lokal, regional og interregional. Det kunne delta spesialiserte handelsfolk på marknaden, men desse hadde ikkje fast tilhald der. Det er grunn til å rekne med at sosiale aspekt har vore ein framtrudande del av slike marknads plassar, og overgangen til såkalla skeid er flytande (Loftsgarden mfl. 2017; Loftsgarden 2023). Døme på marknads plassar omkring Hardangervidda er Valle og Røldal (Loftsgarden 2017:117–131).

Urbane handels plassar definerer eg som stader med ein heilårsbusetnad knytt til handel og produksjon, og der innbyggjarane sannsynlegvis inkluderte spesialiserte handelsfolk. Produksjon og heilårsbusetnad gjer at det er tydelege og tjukke kulturlag på urbane handels plassar. Stadene kan ha hatt eit lovverk og ha vore juridisk åtskilde frå omlandet (Iversen 2015:246). Det vil seie stader med bjarkøyrett eller eiga takmark (Hagland og Sandnes 1997:IX–X). Handelen var regional, interregional og internasjonal. Døme på urbane handels plassar er Kaupanger i Sogn og Borgund på Sunnmøre. I tidleg- og høgmellomalder vart urbane handelsstader viktige administrative og økonomiske knutepunkt for mektige stormenn og jordherrar, så vel som for kyrkje og kongemakt (Solli 1999:94–95). Dette er stader det var knytt visse administrative funksjonar til, og dei inngjekk sannsynlegvis i økonomiske og politiske nettverk med mellomalderbyane (Helle 2006:71).

Ei utfordring ved å skilje mellom stader for handel ut frå konstruerte omgrep eller definisjonar er at det kan føre til ei forenkling og underkommunisering av dei sosiale og økonomiske interaksjonane dei er eit produkt av. Stadene kan opptre på ulik tid og miste si rolle til forskjellige tider. Ein må såleis vere bevisst på at dette er konstruerte kategoriar, og at grensene mellom dei kan vere flytande. Ein kan òg sjå desse stadene som variasjonar av

same aktivitet, altså handel. Og det er òg stader som utviklar seg – og utviklinga går ikkje alltid mot at dei blir større og viktigare.

Denne artikkelen er om stadene ein kan rekne som urbane handelsplassar i høgmellomalderen, men som mistar si rolle – stadene som ikkje blei by. Fokuset ligg på Kinsarvik, og eg vil argumentere for at Kinsarvik bør bli definert som ein urban handelsplass i mellomalderen på linje med Kaupanger i Sogn.




Figur 1. Oversikt over sentrale stader for vareutveksling i høgmellomalderen. Område med regional overskotsproduksjon av eit utval ressursar er skissert. Kart: K. Loftsgarden. Bakgrunnskart: Kartverket og Natural Earth.

Kinsarvik

Kinsarvik er sentralt plassert ved Hardangerfjorden, som eit kryssingspunkt mellom fjordarmar og ferdselsveggar/slep over Hardangervidda (jf. figur 2). På ei slette, omtalt som Almerket, ved steinkyrkja i Kinsarvik, vest for osen av elva Kinso, kunne folk som fylgde desse ferdselsårene, møtast til handel og samkome (figur 3). I motsetnad til Kaupanger eller Veøy er ikkje Kinsarvik omtalt som handelsplass eller by i sagalitteraturen. Hardanger er i det heile vige lite plass i sagaene, men i Håkon jarls saga blir det fortalt at Harald Gråfell jamleg oppheldt seg her, og det blir nemnt havskip som kom frå Island lasta med gråfellar (*vararfeldum*) for sal (Hkr, Håkon jarls saga, kap. 2).¹ Indikasjonen om storstilt handel og handelsaktørar frå Hardanger blir forsterka av det Absalon Pederssøn Beyer skriv på 1500-talet:

Udi Hardanger brender man maadelig got salt, der vanker godt smør, fæ, lax, vildvare. Disse Hardanger havue i fordom tid verit saa rige, mandelige oc duelige, at de have seglet til Grönland, Island, Biarmeland, oc ført dit salt, jern oc andre gode varer, oc have de havt der til store skib, som deris store naust, murede op med stene, nocksom tilkenne give (*Beyer 1928 [1567–1570]:80*).

Det finst òg meir konkrete spor etter ei form for handelsplass i Kinsarvik. I 1781 viser Marcus Schnabel til rester av mange tufter, og omtaler Kinsarvik som by: «de gamle Hus-Tomter, som endnu sees, og de mange Kul, som findes i Jorden, og som synes at vise at Byen er ødelagt af Ildsvaade» (Schnabel 1912 [1781]:45).



Figur 2. Kinsarvik ligg som eit knutepunkt mellom Hardangerfjorden og ferdselsårer/slep over fjellet (Loftsgarden 2019a:118). Kart: K. Loftsgarden. Bakgrunnskart: Kartverket og Natural Earth.



Figur 3. Almerket i Kinsarvik, flyfoto 1952. Foto: Hardanger og Voss Museum.

Tuftene som Schnabel skriv om, ligg på Almerket, vest for kyrkja (figur 3). Dette området vart fyrst arkeologisk registrert på 1950- og 1960-talet, og det blei også gjennomført fleire mindre arkeologiske undersøkingar der. Det er òg gjennomført geofysiske undersøkingar i Kinsarvik, fyrst i 1968 og så i 2016.

Tuftene på Almerket

Slik Schnabel viser, var det tidleg kjent tjukke kol- og kulturlag ved Almerket, og på 1800-talet vart det funne mellomaldermynt her og eit depotfunn av emnesjern (museumsnummer C54518) (Undset 1888:25). Det tjukke kulturlaget vart dokumentert i samband med bygging av fruktlager og veg i 1954, om lag 70 m nordvest for kyrkja. I samband med inngrepet skriv Egil Bakka (B10902):

Under torva var eit halvmetr tjukt lag av kolblanda jord med mykje stein i, mykje av steinen var brend. Og her var fullt opp av funn, øydelagde og kasserte saker av stein, jarn og metall, bein og tenner av dyr, og leirkarbot i mengder. Vi har samla inn litt av dette til Historisk Museum, og av det skal nemnast: Boltar, spikra og båtsaum av jarn, ei øydelagd pen liten ause av kleberstein, stykke av andre klebersteinskjerald, kljastein, eit stykke av ein handkvernstein, eit knivskaft med messingnaglar og med ein hestehov av messing i enden, eit stykke av eit messingbeslag, enkelt dekorert med emaljeliknande lakk, gjort på same måten som på sume relikvieskrin frå mellomalderen, eit stykke som visstnok er armen på ei lita skålvekt, og så keramik og meir keramik. – Det meste er simple, trefota kokekar med tut på sida, men også av andre krukker og kar. Det er brukskeramik frå mellomalderen, serleg frå 1300–1400-talet (Bakka 1954).

Året etter blei det rom for å gjennomføre ei meir heilskapleg arkeologisk utgraving av tufta etter ei gildestove, om lag 75 m vest for kyrkja (UM top.ark. 38386). Funn frå utgravinga inkluderer to sølvmyntar prega under Håkon V Magnusson (1299–1319), rav- og glasperler, ringar av sølv og bronse, ei klebergryte og diverse fragment av keramikk (B11013). Per Fett, som gjennomførte utgravinga, tok òg prøvestikk på Almerket. To av prøvestikka vart tatt sentralt på Almerket og viste eit 50 cm tjukt kulturlag med blant anna slag og keramikk (Lange og Fett 1961:497).

Så, i 1968, gjennomførte Asbjørn Herteig ei fullstendig registrering av Almerket og mindre prøvegravinger (figur 4). Det blei òg utført ei av dei fyrste geofysiske undersøkingane på kulturminne i landet (Herteig 1968).



Figur 4. Kart av Almerket basert på Asbjørn Herteig si planskisse. Kartet viser ca. 18 tufter, gjennomgåande kvadratiske i forma og som regel ikkje under 5–7 meters lange (Herteig 1968). Også Per Fetts positive prøvestikk er avmerka. Avgrensinga av georadarundersøkinga i 2016 er markert med stipla linje. Kart: K. Loftsgarden. Bakgrunnskart: Kartverket.

Planskissa til Herteig viser i alt 18 tufter som gjennomgåande er meir kvadratiske enn rektangulære og som regel ikkje under 5–7 m. lange. Utanom eit søkk i terrenget i søraustre del er det strukturar og spor etter moglege tufter over store delar av Almerket.

I tuft 4 blei det lagt ei prøvesjakt (sjakt B). Det blei her påvist ein «sterkere konsentrasjon av kleberstensavfall», og det blei avdekt eit steinföra stolpehol, og ut frå dette ei 1,75 m lang syllsteinsrekke. I den same tufta blei det funne keramikk, tidfest av Herteig til 1200- eller 1300-talet. I tillegg vart det funne delar av baksteheller og brende og ubrende bein². Kulturlaget var ca. 55 cm tjukt, med skjørbrend stein og trekolrestar, likt det som blei påvist i 1954.

Geofysiske undersøkingar

I samband med mitt doktorgradsprosjekt gjennomførte NIKU ei georadarundersøking i Kinsarvik (Kristiansen mfl. 2016). Georadardataa viser at det har vore relativt få moderne inngrep på Almerket (Kristiansen mfl. 2016:17). Kulturlaga teiknar seg som større felt av reflekterande massar, og er særleg tydelege i sørvestre og austre del av det registrerte feltet, men det finst truleg kulturlag over eit større område (Kristiansen mfl. 2016:14). Kulturlaga er rundt 50–60 cm tjukke, og under dei blir naturleg undergrunn synleg, og representerer truleg sjøavsette massar (Kristiansen mfl. 2016:14).

I georadardataa er det ein svak kontrast mellom arkeologiske strukturar og kulturlaget. Dette førte til at sjølv syllsteinsrekker og murverk som tidlegare hadde blitt påviste under sjakting, framstod som relativt utydelege (Kristiansen mfl. 2016:13–14, 17). Det blei likevel påvist elleve strukturar, tolka som bygningsrestar eller moglege bygningsrestar (figur 5).

Under det som er rekna som kulturlagsnivået, altså 60–100 cm under overflata, vart det registrert anomalier som til saman dannar ein rektangulær struktur på ca. 6,3 x 19,5 m i sør-østre del av det undersøkte området. Strukturen ligg nærast vinkelrett på dei eldre sjøbotn-laga, og er lokalisert i et søkk i landskapet som er tydeleg også i dag. Form og lokalisering gjer at dette kan vere ei nausttuft.

Dei fleste anomaliane ligg likevel i nivået 0–60 cm under overflata, altså over den moglege nausttufta. Av i alt ti tufter registrerte på georadardataa, var åtte tidlegare registrert av Herteig. Han registrerte ytterlegare ti tufter, som betyr at det er funne spor etter så mange som 20 tufter på Almerket.

Geofysiske undersøkingar gjev aldri eit komplett kart over arkeologiske strukturar. Resultat frå undersøkingane og tolking av dataa er eit samspel mellom teknologi, grunnforhold, andre arkeologiske metodar og arkeologisk kompetanse (Gustavsen og Stamnes 2012). Basert på utfordringa knytt til den svake kontrasten mellom strukturane og dei omkringliggende kulturlaga ved Almerket er det sannsynleg at det finst spor som ikkje blei fanga opp med georadar, som restar etter fleire bygningar, vegfar/gater, brønningar eller andre strukturar.




Figur 5. Resultata frå georadarundersøkinga på Almerket i 2016. Kart: NIKU.

Funn frå yngre jernalder på staden

I motsetnad til i mange andre bygder i Hardanger er det få funn i Kinsarvik frå før yngre jernalder (Bakka 1963:200; Drageset 2020). Frå vikingtid derimot er det fleire gravfunn (Fett 1954b:32–34; Bakka 1963:201).

Ingen av gravene er fagleg undersøkte, opplysningar om gravene er sparsame, og mange funn er bortkomne. Eit av dei ufullstendig skildra gravfunna er ei mogleg båtgrav på Bråvoll (Askeladden id 101404). Haugen låg attmed sjøen, nær osen til Kinso (figur 6). Gravminnet var ein langhaug på rundt 12,5 m, der det blant anna skal ha vore funne naglar og eit samanbøygd sverd. I det same området blei det registrert ytterlegare ei gravrøys (id 100829) og eit felt med tre moglege gravrøysar (id 101403).

I vestre del av Kinsarvik blei det i 1927 funne ei rekke gjenstandar i samband med anleggsarbeid (id 101190). Funna var dekte av eit ca. 50 cm tjukt lag med skredjord. Gjenstandane inkluderer tre øksar, to sverd, ei skjoldbule, ei smietong, ein stor smihammar, bryne, beksel og hestetenner (B7880). Gjenstandane er frå to graver, ei brend og ei ubrend, bår frå slutten av 700-talet eller byrjinga av 800-talet (UM top.ark. 38792). Funn av smietong og smihammar tyder på omarbeiding av jern ut over ei regulær gardssmie. I det høvet kan det òg nemnast at på garden Hus er det funne trekol, to firkanta jernteinar og ein spydspiss frå vikingtid (B10499 og B3541) i ein gravhaug omtalt som Smiehaugen.



Figur 6. Funn og registrerte strukturar med Askeladden id i Kinsarvik sentrum. Stipla linje markerer utstrekninga av Almerket før moderne utbygging. Kart: K. Loftsgarden. Bakgrunnskart: Kartverket.

Vest i Kinsarvikbukta er det skildra ein langhaug med ein oppreist stein i den eine enden (id 101191). Like ved var det spor av ein liten haug eller brulagd krets, i tillegg til restar av ein husgrunn (Fett 1954b:33). Attmed dette området gjennomførte Historisk museum ei arkeologisk undersøking i 1969. Det vart då funne eit bryne og fire groper. Basert på notatet frå utgravinga er det sannsynleg at dette er fire kokegroper (UM top.ark. 38974).

Gravfunna frå yngre jernalder kan indikere at Kinsarvik fekk ei meir sentral rolle i indre Hardanger i denne perioden. Det er likevel ikkje slik at det arkeologiske materialet frå yngre jernalder eintydig tilseier at Kinsarvik skulle vekse fram som ein handelsstad framfor til dømes Eidfjord. Når det likevel er det som skjer, kan dette moglegvis knytast til den politiske og administrative organiseringa som veks fram i mellomalderen.

Kinsarvik som administrativt knutepunkt

Kinsarvik var ein tidleg kyrkjestad. Steinkyrkja blei oppført på slutten av 1100-talet (Christie 1961), og avløyste då ei eldre trekyrkje som hadde stått på same stad (Lidén 1999:133). Det er funne 425 myntar i kyrkja (Svarstad 1962; Gullbekk og Sættem 2018:434), deriblant det største innslaget av 1000-talsmynt funne i ei norsk kyrkje (Gullbekk og Sættem 2018:119). Kyrkja i Kinsarvik har også vore tolka som ei av fjerdingsskirkjene i Hordaland rundt år 1300 (Robberstad 1952:325; Iversen og Brendalsmo 2022:10).

Det er sannsynleg at Kinsarvik også spela ei rolle i leidangen i mellomalderen og som sentrum for ei skipreide (Hobæk 2013). Ei stor nausttuft, om lag 180 m vest-sørvest for kyrkja, er tolka som spor etter eit leidangsskipsnaust (Erslund 2000:53) (figur 7). Tufta, om lag 30 m lang og 16 m brei (id 100973), er blitt knytt til leidangen på grunn av storleiken og den sentrale plasseringa (Bull 1920:127). Nausttufta vart arkeologisk undersøkt i 1954 (Bakka 1954; Fett 1954a), det vart då funne naglar og jernslag, dessutan fragment av leirkar, typologisk datert til seinmellomalderen (B10901)(Grieg 1933:197–198).

Kinsarvik med fjerdingsskyrkja som sentrum var eit knutepunkt og bindeledd mellom sentrum og periferi i bispedømmet, og inngjekk som ein sentral del av kyrkja sitt veitslesystem (Tryti 1994:35–36). Likeins er det sannsynleg at Kinsarvik var tingplass i ei skipreide med eige leidangnaust. Det er såleis truleg at det blei samla leidangsskatt her (Øye 1989:158). På denne måten gjekk det store mengder landskyldvarer via Kinsarvik til Bergen.

Kinsarviks rolle som administrativt knutepunkt indikerer at stormenn var involverte i framveksten av Kinsarvik som urban handelsplass. Ein av desse stormennene kan ha vore Martein Kongsfrende, som i sagaen om Håkon Håkonsson blir omtala som kongens rådgjevar og seinare som Martein frå Kinsarvik (Þorðarson 1964 [1265]:56, 80).

Martein var altså del av kong Håkon Håkonssons indre sirkel og lendmann i Hardanger på fyrste halvdel av 1200-talet. Det er såleis rimeleg å anta at han og hans ætt kan ha hatt ei overordna rolle i samband med Kinsarvik som urban handelsplass.

Urban handelsplass

Utgravingar, inngrep og geofysiske undersøkingar viser eit kulturlag på 50–60 cm over store delar av Almerket. Innanfor dette området med kulturlag påviste Herteig 18 tufter. Dei geofysiske undersøkingane frå 2016 påviste åtte av tuftene frå Herteig, samt to andre struk-

turar som òg er tolka som bygningsrestar. Det er grunn til å rekne med at det finst fleire strukturar som ikkje har latt seg registrere, då undersøkingane som er gjennomførte på Almerket, er avgrensa til overflaterregistrering, mindre prøvesjakter og georadarundersøking.

I stor grad ser tuftene ut til å respektere kvarandre, noko som indikerer at dei har vore i bruk samstundes. Korkje kulturlag eller tufter er C-14-daterte, men det er nærliggande å anta at aktiviteten har fylgt liknande urbane handelsplassar som Kaupanger, med særleg stor aktivitet frå 1100-talet og fram mot svartedauden.

Frå sjaktene til Herteig ser det ut til at både syllstein og torvvegger er nytta på Almerket, og dette indikerer at bygningar med ulike funksjonar har vore i bruk. Ein liknande situasjon er kjend frå undersøkte husrestar i Borgund (Herteig 1974). Tuftene og funna frå Almerket tyder på at folk har budd her over lengre periodar, med funnrestar av baksteheller, kvernstein og kleber frå ulike typar kar.

Tuftene og dei tjukke kulturlaga, med blant anna kol, slag, skjørbrend stein, klebersteinfragment og keramikk tyder på at det har vore stor aktivitet knytt til handel og produksjon på Almerket i mellomalderen, og det er rimeleg å omtale Kinsarvik som ein urban handelsplass i høgmellomalderen.

Basert på eldre kart er det sannsynleg at det totale arealet som kan reknast som del av marknadsplassen, utgjer nærare ti mål (markert med stipla linje på figur 6). Dette er likevel mindre enn på Borgund og Veøy, der utstrekninga av marknadsplassane ligg på om lag 35–40 mål, men dei registrerte bygningsrestane ligg nokså tett på Almerket, og saman med kulturlaget må dette reknast som teikn på omfattande aktivitet.

Depotfunn av emnesjern og funn av slag peikar mot at det har vore smedarbeid på staden. Emnesjerna er av ein type som mest sannsynleg har sitt opphav i Valdres eller Hallingdal, og tyder på at jernet kom frå desse områda (Loftsgarden 2019b). Det utelukkar likevel ikkje at jern òg kom frå andre stader, som Numedal og Telemark.

Dei store kleberbrota i Hardanger sannsynleggjer at også kleber inngjekk i handelen i Kinsarvik (Skjølsvold 1961). Funn av klebersteinsavfall indikerer at det òg har gått føre seg nokon grad av tilverking av klebergjenstandar her.

Myntfunn frå kyrkja viser at mynt har vore tilgjengeleg i Kinsarvik frå tidleg mellomalder. Myntane som er funne på Almerket (B11013-a og -b), kan ha vore nytta som betalingsmiddel på marknadsplassen i høgmellomalderen.

Lokaliseringa og funn på staden tilseier at mykje av varene i Kinsarvik og i Kaupanger blei utveksla av, kom frå, eller gjekk til meir eller mindre sjølvstendige bønder i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda (Bjørkvik og Holmsen 1972:71; Helle 1974:158; Hansen 2010; Loftsgarden 2017:225–227).

I desse innmarksfattige områda har utmarka alltid vore ein viktig ressurs, for beite, fôr, fiske, jakt, fangst og jernframstilling. Særleg frå slutten av vikingtid er det ei aukande regional spesialisering og overskotsproduksjon her, særleg tydeleg med omsyn til framstilling av jern av myrmalm (Larsen 2009; Rundberget 2013). I perioden 900–1350 blir det framstilt enorme mengder jern i det sørnorske innlandet, i ein skala som oversteig det lokale, regionale og også det nasjonale behovet for jern (Loftsgarden 2019b). Samstundes var det nærast inga jernframstilling utanom desse regionane. Det vil seie at til dømes heile Vestlandet, inkludert den veksande byen Bergen, blei forsynt med jern frå fjell- og dalbygdene.

I byte for jernet er det sannsynleg at blant anna salt har vore viktig. Alt salt i innlandet måtte kome frå kystområda, og betydninga er understreka gjennom mange stadnamn, til dømes *Saltmannaveg*, som er namnet på fleire av fjellvegane mot Vestlandet (Hvattum mfl. 1993:26). Saltproduksjonen i Hardanger er godt representert både i diplommateriale og i lensrekneskapane (DN XII, nr 52; DN VIII, nr 225 og DN XXI, nr 288, NRJ I:191; NRJ IV:471–472). Saman med Oslofjord-området var Hardanger blant dei mest sentrale områda for framstilling av salt (Loftsgarden 2018).

Slik sett var Kinsarvik og Kaupanger perfekt lokaliserte som knutepunkt, der jernframstillande bønder frå Telemark, Hallingdal og Valdres kunne omsetje sitt jern, og handelsmenn frå Bergen, konge- og kyrkjemakt og andre kunne sikre ein stabil tilførsel av det livsviktige metallet.

Jern og salt var likevel berre ein del av varene som blei utveksla i Kinsarvik, andre varer og ressursar kan ha inkludert kleberkar, brynestein, fangstprodukt, skinn, ull, våpen, reiskapar og meir symbolske markørar som smykke eller tekstilar.

Kvifor Kinsarvik aldri blei ein by

Nedgangen for den økonomiske boomen nemnt innleiingsvis ser ut til å byrje meir enn 50 år før svartedauden (Øye 2002:394). Også i Europa er det ein nedgang i byggeaktiviteten frå rundt år 1300 (Ljungqvist mfl. 2018). Det ser òg ut til at mange urbane handelsplassar blir mindre viktige. Til dømes kjem det fram at i fyrste halvdel av 1300-talet står Mathiaskyrkja i Borgund til nedfalls (Sørheim 2010:324).

Gjennom ei rettarbot frå 1384 blir det tydeleg at handelen er spreidd vekk frå fleire av dei tidlegare urbane handelsplassane. Rettarbota er kongens fåfengde forsøk på å møte den aukande innverknaden og oppkjøparverksemda til utanlandske kjøpmenn. I rettarbota står det at kjøpstadene «forderves og legges øde fordi sjøfarende menn her hos dere ikke seiler med sine handelsvarer til de kjøpstemner som har vært fra gammelt» (DN V, nr. 331; NgL III:218–222).

Sidan tendensane til ein nedgangsperiode er synlege fleire stader, bør ein vurdere vidare samfunnsøkonomiske årsaksforklaringar og legge mindre vekt på lokale økologiske perspektiv for å forklare denne utviklinga.

For stader som Kinsarvik og Kaupanger er det sannsynleg at nedgangen i overskotsproduksjon av jern og fangstprodukt har vore utslagsgjevande. Utover på 1200-talet blir det produsert store mengder jern i industri-liknande masomnar i Sverige (Magnusson 2009:12). Dei store mengdene svensk masomnsjern utkonkurrerer det norske bondejernet, og fører til at jernframstillinga i innlandet minkar kraftig i omfang frå slutten av 1200-talet (Rundberget 2013:320–321). Det same er tilfelle med den storstilte reinfangsten, i fyrste rekke som fylgje av ei overhausting av reinsdyrstamma og seinare ved at kamproduksjon basert på gevir frå hjortedyr går ut av bruk mot i løpet av andre halvdel av 1200-talet (Christophersen 1980:162–163; Mikkelsen 1994:172; Indrelid mfl. 2007:133; Loftsgarden 2017:200–201).

Fordi jernproduksjon og handelen med pels, skinn og gevir frå jakt og fangst minkar, mistar Kinsarvik og Kaupanger mykje av det samfunnsøkonomiske grunnlaget som gjorde desse stadene til urbane handelsplassar.



Figur 7. Den store nausttufta (id 100973) i Kinsarvik med mindre nyare naust, ein illustrasjon på dei økonomiske og politiske tilhøva før og etter nedgangsperioden på 1300-talet. Foto: Universitetsmuseet i Bergen / CC BY-NC-ND 3.0.

Byen som aldri blei til

Kinsarvik er lokalisert som eit knutepunkt mellom fjell- og dalbygdene mot aust og dei ytre, meir folkerike kystområda mot vest. Eg har her samanstilt arkeologiske funn og strukturar, skriftlege kjelder og tidlegare undersøkingar, og samla teiknar det seg eit bilete der Kinsarvik har hatt ei sentral rolle i Hardanger i samband med handverk og handel med ei regional og interregional kontaktflate. Kinsarvik hadde òg administrative funksjonar, til liks med den meir kjende og samanliknbare staden Kaupanger i Sogn. Kinsarvik hadde truleg sine velmaktsdagar som urban handelsplass i tidleg- og høgmellomalder, i tråd med den mest omfattande regionale overskotsproduksjonen i innlandet og vareutvekslinga mellom fjell- og dalbygdane og Vestlandet (Loftsgarden 2020, i trykk).

Tuftene på Almerket i Kinsarvik, likeins som stadnamnet Kaupanger, er vitnesbyrd om ei tidlegare stordomstid, då dette var viktige økonomiske, sosiale og politiske knutepunkt med storstilt handel og produksjon. Stader som kunne bli – men som aldri blei – by.

Takk

Eg vil takke Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) og særleg Monica Kristiansen for samarbeidsprosjektet knytt til geofysisk undersøking av Kinsarvik. Eg vil òg takke fagfellar og redaksjonen for grundige og konstruktive tilbakemeldingar.

Noter

¹ *Vararfeldum* var ein fell voven av ull (Juuhl 2013).

² Funna frå Herteig sine undersøkingar er ikkje funne att i museumssamlingane i Bergen.

Litteratur

Andersson, Hans, Gitte Hansen og Ingvild Øye (red.)

2008 *De første 200 årene : nytt blikk på 27 skandinaviske middelalderbyer*. UBAS – Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter. Nordisk. Universitetet i Bergen, Bergen.

Andrén, Anders

1989 State and Towns in the Middle Ages: The Scandinavian Experience. *Theory and Society*, 18(5):585–609.

Bakka, Egil

1954 Mellomalderfunn frå Kinsarvik. *Bergens Tidende*.

1963 Forntida i Odda, Ullensvang og Kinsarvik. I *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid, vol. 1*, redigert av Olav Kolltveit, s. 47–209. Bygdeboknemnda, Odda.

Benedictow, Ole Jørgen

1996 The demography of the Viking age and the high middle ages in the Nordic countries. *Scandinavian Journal of History*, 21(3):151–82.

Beyer, Absalon Pederssøn

1928 [1567–1570] *Om Norgis rige*. F. Beyers forlag. Bergen.

Bl: *Magnus Lagabøters bylov* Oversatt av Knut Robberstad og Absalon Taranger. 1923. Cammermeyers boghandel, Kristiania.

Bjørkvik, Halvard og Andreas Holmsen

1972 *Kven åtte jorda i den gamle leiglendingstida? Fordelinga av jordeigedomen i Noreg i 1661*. Tapir, Trondheim.

Brendalsmo, Jan, Finn-Einar Eliassen og Terje Gansum

2009 *Den urbane underskog: strandsteder, utvekslingssteder og småbyer i vikingtid, middelalder og tidlig nytid*. Novus forlag, Oslo.

Bull, Edvard

1920 *Leding: militær- og finansforfatning i Norge i ældre tid*. Steenske, Kristiania.

Christie, Håkon

1961 Rapport – Utgravningene i Kinsarvik kirke. Historisk Museum.

Christophersen, Axel

1980 *Håndverket i forandring : studier i horn- og beinhåndverkets utvikling i Lund c:a 1000–1350*. Acta archaeologica Lundensia, Habelt, Bonn.

DN: *Diplomatarium Norvegicum. Oldbreve til Kundskab om Norges indre og ydre Forhold, Sprog, Slægter, Sæder, Lovgivning og Rettergang i Middelalderen*. Utgjeven av Christian Christoph Andreas Lange, Carl Richard Unger mfl. 1847–2011. 23 bind. Christiania/Oslo (http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html).

Drageset, Anne

2020 Gravspråk i et fjordlandskap. *Heimen*, 57(1):6–22.

- Ersland, Geir Atle
 2000 Kongshird og leidangsbonde. I *Krigsmakt og kongemakt 900–1814*. Norsk forsvarshistorie, redigert av Geir Atle Ersland, Terje H. Holm og Odd G. Engdal, s. 11–156. Eide, Bergen.
- Fett, Per
 1954a Kinsarvik almenning, Kinsarvik s., Ullensvang p., Hordaland. Prøvegraving og restaurering 1954. Historisk museum, Bergen.
 1954b *Ullensvang prestegjeld*. Førhistoriske minne i Hardanger, Universitetet i Bergen, Historisk Museum. Bergen.
- Glørstad, Ann Zanette og Kjetil Loftsgarden (red.)
 2017 *Viking-Age Transformations: Trade, Craft and Resources in Western Scandinavia*. Culture, Environment and Adaptation in the North. Rane Willerslev og Sean O’Neill, red. Routledge, Oxford.
- Grieg, Sigurd
 1933 *Middelalderse byfund fra Bergen og Oslo*. Akademiet, Oslo.
- Gullbekk, Svein Harald og Anette Sættem
 2018 *Norske myntfunn : 1050–1319 : penger, kommunikasjon og fromhetskultur*. Dreyers forlag, Oslo.
- Gustavsen, Lars og Arne Anderson Stamnes
 2012 Arkeologisk geofysikk i Norge – En historisk oversikt og statusevaluering. *Primitive tider* 12:77–93.
- Hagland, Jan Ragnar og Jørn Sandnes
 1997 *Bjarkøyretten: Nidaros eldste bylov*. Samlaget, Oslo.
- Hansen, Lars Ivar
 2010 Arkaiske bønder eller alternativ sosial logikk? Om telemarksbøndenes forhold til stat, eiendom, kirke og helvete i middelalderen. I *Gaver, ritualer og konflikter — Et rettsantropologisk perspektiv på nordisk middelalderhistorie* redigert av Hans Jacob Orning, Kim Esmark og Lars Hermanson, s. 117–61. Unipub, Oslo.
- Helle, Knut
 1974 *Norge blir en stat: 1130–1319*. Universitetsforlaget, Bergen. 2006 Fra opphavet til omkring 1500. *Norsk byhistorie: urbanisering gjennom 1300 år*, s. 23–144. Pax, Oslo.
- Helle, Knut og Arnved Nedkvitne
 1977 Sentrumdannelser og byutvikling i norsk middelalder. I *Urbaniseringsprosessen i Norden*, redigert av Grethe Authén Blom, s. 189–272. Universitetsforlaget.
- Herteig, Asbjørn E.
 1968 Beretning om befarng av Kinsarvik almenning. Universitetet i Bergen, Historisk museum.
 1974 *Borgundkaupangen på Sunnmøre*. Borgundkaupangens venner. Ålesund.
- Hkr: *Snorre Sturlasons kongesagaer*. Omsett av Anne Holtsmark og Didrik Arup Seip. 2000. Stenersens forlag, Oslo. / *Heimskringla*, eller Norges kongesagaer. Utgjeven av Carl Richard Unger. 1868. Brøgger & Christie, Christiania.
- Hobæk, Halldis
 2013 Tracing Medieval Administrative Systems: Hardanger, Western Norway. *Journal of the North Atlantic*, 2013:sp5:64–75.
- Hodges, Richard
 1982 *Dark age economics: the origins of towns and trade A.D. 600–1000*. St. Martin’s Press, New York.
- Hvattum, Harald, Ivar Aars og Trond B. Hamre
 1993 *På gamle vegar i Valdres: vegbygging, vegvedlikehald og vegstyring i Valdres fram til slutten av 1800-talet : vegkulturminne i dag*. Valdres forlag og Valdres folkemuseum, Fagernes.

- Indrelid, Svein, Anne Karin Hufthammer og Knut Røed
2007 Fangstanlegget på Sumtangen, Hardangervidda: utforskningen gjennom 165 år. *Viking* LXX:125–54.
- Iversen, Frode
2015 Oslo får et omland. I *En aktivist for Middelalderbyen Oslo – festskrift til Petter B. Molaug i anledning hans 70-årsdag 19. desember 2014*, redigert av Lise-Marie Bye Johansen, s. 243–60. Novus.
- Iversen, Frode og Jan Brendalsmo
2022 Den tidlige kirkeorganisasjonen i Bergen bispedømme. *Collegium Medievale* 35, Oslo.
- Juuhl, Marta Kløve
2013 Varafeldur: An Icelandic Rya Reconstruction. Elektronisk dokument, [http:// https://norwegiantextileletter.com/article/96/](http://https://norwegiantextileletter.com/article/96/), besøkt 2. juli 2023.
- Knagenhjelm, Christoffer
2008 Kaupanger i Sogn: etablering, vekst og bydannelse. I *De første 200 årene : nytt blikk på 27 skandinaviske middelalderbyer*, redigert av Hans Andersson, Gitte Hansen og Ingvild Øye. UBAS – Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter. Nordisk, s. 57–71. Universitetet i Bergen, Bergen.
- Kristiansen, Monica, Manuel Gabler, Lars Gustavsen og Erich Nau
2016 Georadarundersøkelse på Almerket i Kinsarvik, Ullensvang kommune, Hordaland fylke. Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU).
- Lange, Bernt C. og Per Fett
1961 Utgravingane i gildestove- og bordstovetuftene i Kinsarvik. *Hardanger*:496–500.
- Larsen, Jan Henning
2009 *Jernvinneundersøkelser*. Varia, Vol. 78. Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Lidén, Hans-Emil
1999 Norsk middelaldersk steinarkitektur, En generasjons bygningsarkeologisk arbeid i perioden 1950–80, Problemer og resultater. I *En gullgubbe: festskrift til Hans-Emil Lidén*, redigert av Hans-Emil Lidén, Anne Marta Hoff og Alf Tore Hommedal, s. 129–44. Alvheim & Eide. Øvre Ervik.
- Ljungqvist, Fredrik Charpentier, Willy Tegel, Paul J. Krusic, Andrea Seim, Friederike M. Gschwind, Kristof Haneca, Franz Herzig, Karl-Uwe Heussner, Jutta Hofmann, David Houbrechts, Raymond Kontic, Tomáš Kyncl, Hanns Hubert Leuschner, Kurt Nicolussi, Christophe Perrault, Klaus Pfeifer, Martin Schmidhalter, Mathias Seifert, Felix Walder, Thorsten Westphal og Ulf Büntgen
2018 Linking European building activity with plague history. *Journal of Archaeological Science* 98:81–92.
- Loftsgarden, Kjetil
2017 Marknadsplassar omkring Hardangervidda - ein arkeologisk og historisk analyse av innlandets økonomi og nettverk i vikingtid og mellomalder. Upublisert doktorgradsavhandling. Universitetet i Bergen, Bergen.
2018 Salt – ressurs og handelsvare i middelalderen. *Heimen* 55(1):50–61. Universitetsforlaget.
2019 Ferd og frakt over fjell og vidde. *Primitive tider* 21:7–23.
2019b The prime movers of iron production in the Norwegian Viking and Middle Ages. *Fornvännen* 114:88–100.
2020 Mass production and mountain marketplaces in Norway in the Viking and Middle Ages. *Medieval Archaeology* 64(1):94–115.
2023 Skeid – uncovering a fleeting meeting site. I *Placing place names in Norwegian archaeology – Current discussions and future perspectives*, redigert av Laurine Albris. UBAS International – University of Bergen Archaeological Series, vol. 14, University of Bergen. Bergen.
2023 Nordover til Vestlandet. Handel og utveksling i øvre Telemark i tidleg- og høgmellomalder. I *Eidsborgbryne: Handel og organisering i mellomalder og tidleg nytid*, redigert av Bjørn Bandlien og Dag Rørgemoen. Vikingvegen 2, Museumsforlaget. Trondheim.

- Loftsgarden, Kjetil, Morten Ramstad og Frans-Arne Stylegar
 2017 The skeid and other assemblies in the Norwegian 'Mountain Land'. I *Viking Age Transformations: Trade, Craft and Resources in Western Scandinavia*, redigert av Zanette T. Glørstad og Kjetil Loftsgarden. Culture, Environment and Adaptation in the North, s. 232–49. Routledge, Oxford.
- Magnusson, Gert
 2009 Om jærnets roll. I *Jærnets roll : Skånelands och södra Smålands järnframställning under förhistorisk och historisk tid*, redigert av Bertil Helgesson, s. 7–19. Regionmuseet Kristianstad/Landsantikvarien i Skåne, Kristianstad.
- Mikkelsen, Egil
 1994 *Fangstprodukter i vikingtidens og middelalderens økonomi: organiseringen av massefangst av villrein i Dovre*. Universitetets Oldsaksamlings skrifter. Ny rekke, Universitetets Oldsaksamling, Oslo.
- Nedkvitne, Arnved
 1983 Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100–1600. Universitetet i Bergen.
 NgL: *Norges gamle Love indtil 1387*. Utgivne ved Rudolf Keyser og Peter Andreas Munch. Bind I–V. 1846–1895. Christiania.
Norske Middelalderdokumenter, i utval ved Sverre Bagge, Synnøve Holstad og Knut Helle. 1973. Universitetsforlaget, Bergen.
 NRJ: *Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16de Aarhundrede*, vol. 1–4. Det Norske historiske Kildeskriftfond, Christiania.
- Polanyi, Karl
 1957 The economy as instituted process. I *Trade and markets in early empires*, redigert av Karl Polanyi, Conrad M. Arensberg og W. B. Pearson, s. 243–70. Routledge, New York.
 1963 Ports of Trade in Early Societies. *The Journal of Economic History*, 23(1):30–45.
 RN: *Regesta Norvegica*. kronologisk Fortegnelse over Dokumenter vedkommende Norge, Nordmænd og den norske Kirkeprovins. Norsk historisk kjeldeskrift-institutt (http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/regesta_felt.html).
- Sagaerne om Gudmund den gode som præst og Gudmund Dyre. Oversatt av Kristian Kålund og Olaf Hansen. I *Sturlunga saga*, redigert av Kristian Kålund og Olaf Hansen. 1904. Gyldendal, København.
- Robberstad, Knut
 1952 *Gulatingsslovi*. Samlaget, Oslo.
- Rundberget, Bernt
 2013 Jærnets dunkle dimensjon: jærnvinna i sørlige Hedmark, sentral økonomisk faktor og premiss for samfunnsutvikling c. AD 700–1300. Upublisert doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Schnabel, Marcus
 1912 [1781] *Udkast til en Beskrivelse over Hardanger*. Hardanger samlinger, Hardanger Historielag, Norheimsund.
- Skjølvold, Arne
 1961 *Klebersteinsindustrien i vikingetiden*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Skre, Dagfinn
 2007 Preparing the New Campaign. I *Kaupang in Skiringssal*, redigert av Dagfinn Skre, Kaupang Excavation Project publication series, s. 43–52. Aarhus University Press, Århus.
 2012 Markets, towns and currencies in Scandinavia ca. AD 200–1000. I *From one sea to another. Trading Places in the European and Mediterranean Early Middle Ages*, redigert av Sauro Gelichi og Rodger Hodges, s. 47–63. Brepols, Turnhout.

Solli, Brit

1996 *Narratives of Veøy : an investigation into the poetics and scientifics of archaeology*. Universitetets Oldsaksamlings skrifter, Universitetets Oldsaksamling, Oslo.

1999 Veøyas arkeologi. I *Veøyboka*, redigert av Brit Solli, Ola Storsletten og Jarle Sanden, s. 8–101. Romsdalsmuseet, Molde.

Sverres saga. Oversatt av Dag Gundersen. 1979. Gyldendal, Oslo.

Svarstad, Carsten

1962 Myntfunnet fra Kinsarvik kirke. Årbok 1961, s. 113–16. Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring.

Sørheim, Helge

2010 Sentralsted, tettsted, knutepunkt, by : bosetningshierarkier og sentraldannelser på Vestlandet fra jernalder til middelalder. Universitetet i Bergen, Bergen

Þorðarson, Sturla

1964 [1265] *Håkon Håkonssons saga*. Aschehoug, Oslo.

Tryti, Anna Elisa

1994 Bergen som sentrum i bispedømmet. I *By og land i middelalderen*, redigert av Ingvild Øye, s. 23–43. Bryggens museum, Bergen.

Undset, Ingvald

1888 *Norske jordfundne Oldsager i Nordiska Museet i Stockholm*. Christiania Videnskabs-Selskabs forhandlinger, Selskabet, Christiania.

UM top.ark.: Topografisk arkiv ved Universitetsmuseet i Bergen, Bergen.

Øye, Ingvild

1989 Kaupangen i Sogn i komparativ belysning. *Viking*, LII:21.

2002 Landbruk under press, 800-1350. *Jorda blir levevei: 4000 f.Kr.-1350 e.Kr.* Norges landbrukshistorie, s. 215–414. Samlaget, Oslo.